

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2016

Tysk bombefly naudlanda

Side 2-5

Språksprell

Side 11

30 års jubileum

Side 18-19

Hå karateklubb

Side 30

Lunsjtreff

Side 32



Fotoklubben

Side 16





Tysk bombefly naudlanda på Bodle

Andre mars i år var det 75 år sidan Bodle vart røff naudhamn for eit tysk firemotors Condor-bombefly. Flyet var vengeskote og mannskapet skadd etter å ha vore i luftkamp med engelske jagarfly over Shetland. Johannes Stokkeland var næraste naboen og augevitne til den dramatiske landinga.

Sjur Håland

Søndag 2. mars 1941 var ein gråvêrsdag. Det låg litt snø på bakken. Temperaturen var like over nullpunktet, medan skylaget over Varhaug var lågt, mørkt og trugande. Ein søndag tidleg i mars på Varhaug er gjerne ein stille dag. Slik var det også denne ettermiddagen.

Stille søndag

Nede ved Bodle var det var ikkje mange lydane å høyra. Klokka var halv seks, snart ville kveldsmørkret senka seg over gard og grend. Bøndene var nær ferdige med fjøsstellet. Ei gneldrande gardabikkje, ei vestlands-raudkolle som rauta

friskt på båsen eller ein lamtung sau som brekta i sauehuset, var kan hende dei einaste lydane som braut stilla denne fargelause søndagen. Utanom den evige duren frå havet. Men havduren var folket nede på sjøgardane så vane med at dei knapt la merke til han.

Hørde motorbrølet

Fjortenåringen Johannes Stokkeland var heime og inne på sokkeleisten då den intense motorduren brått overdøyva alt anna og varsla om at noko uvanleg var i ferd med å henda. Han sprang bort til næraste vindauga, som vende sørover

mot Varhaug-garden. Først såg han ingenting, det låge skydekket pakka flyet inn i grå skodde. Etter kort tid skimta han dei mørke konturane av det enorme flyet, sekund seinare såg han dei karakteristiske svarte jernkorsa under vengene og den uhyggelege hakekrossen på flyhalen, noko som definitivt avslørte at den brølande kjempefuglen hørde til Hitlers mektige Luftwaffe. Fascinert og fullstendig oppslukt av synet, registrerte Johannes det som vidare hendte.

Flyet kom direkte inn frå sjøen ved utløpet til Sørå-Åa, la seg

over på ein nordleg kurs og strauk rett over tunet hjå Sven Varhaug (Iris og Erling Auestad i dag). Eg trur ikkje pilotane leitte etter Sola. Dei hadde skadde folk om bord. Dessutan hadde skothol i drivstofftankane ført til at dei hadde svært lite drivstoff att. Flyet hadde berre bensin til 20 minutt i tankane. Dei visste ikkje nøye kor langt det var til Sola, så dei valde å landa flyet første og beste plassen etter at navigatøren hadde peila kursen inn over land, fortel han.

Buklanding i gneistregn

Flygarane hadde dårleg tid. Dei myste intenst etter ei slette mellom steingardane og den brutale rullesteinstranda som kunne eigna seg for ei hard buklanding for det store flyet. Flygarane, overløytnant Hetzel og løytnant Diller, hadde ikkje mange sekunda å ta avgjersla på. Ved Bodle, på ei eng rett sør for der Eli og Abraham Varhaug bur i dag, sneia flyet ein steingard og landa på buken, skleid om lag 100 meter i eit inferno av oransje gneistrar, svart sørpe og kvit snø, før det stansa heilt opp.

Gøymde maskingeværet

Johannes Stokkeland fyller 89 år i år. Minna om denne marsdagen for 75 år sidan er krystallklare. Han fortel at maskingeværet, som var montert under flyet, vart slege tvert av då buken på flyet pløgde seg ned i bakken. Johannes, Jørgen Lerbrekk og ein tredje kamerat fann seinare maskingeværet. I staden for å gje beskjed om funnet til lensmannen eller tyskarane valde dei tre å gøyma våpenet ved å grava det ned.

Ikkje rare nedgravinga, smilar Johannes. Me la maskingeværet til sides og sparka over noko mold og sørpe.

To skadde

To av mannskapet var skadde. Ikkje av samanstøyten med dyrkamarka ved Bodle, men av skotskader etter at flyet hadde vore i heftige luftkampar med to Spitfire-jagarfly over Shetland.

Begge mennene var trefte i ankelen. Hjå den eine hadde kula gått rett gjennom foten, medan kula sat i beinet hjå den andre.

Dei to skadde, saman med resten av mannskapet, tok seg inn i næraste huset, som var heimen til Johannes. Truleg observerte mannskapet at dei slakke telefonlinene, som hang på skipsbjelkar, var koplå til veggen på det låge jærhuset. No bad dei om tak over hovudet og om å få låna telefonen slik at dei kunne ringa til flyplassen på Sola og varsla om det som hadde hendt.

Lytta til BBC

Mannskapet vart verande heime hjå Johannes den første kvelden. Dette var før radioapparata vart konfiskerte, men far til Johannes, Thor Stokkeland, som nok var irritert over å ha fått uynskte framandfolk frå okkupasjonsmakta i huset, tenkte seg likevel om eit bel før han bestemte seg for å vri søkeknappen på radioen mot frekvensen til dei norske radiosendingane frå BBC i London, slik han brukte å gjera.

Det gjekk greitt. Tyskarane kommenterte ikkje at far sat saman med dei og lytta til fienden i London, minnes Johannes.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Brit Obrestad,

Vennelaget Lerbrekk skule

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Styremedlem

Aud Bratland Bø, bygdekvinnelaget

Styremedlem

Olav Varhaug, Bygdeungdomslaget

Varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

Varamedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav ein gløymsleklednad god.

Men ein og annan merkestein

held fast eit minne enn

der han står vakt om deira bein som levde i vår grend "





Johannes Stokkeland fortel - Foto: Sjur Håland

Dagen etter vart det ekstra liv i tunet og heimen til Marta og Thor Stokkeland. I tunet vart det blant anna montert opp eit feltkjøkken i full fart. Det var tydeleg at okkupasjonsmakta hadde tenkt å bli verande ei tid.

Ikkje redd

Den tidlegare bonden, som i dag bur i Skreddarvegen, meiner at det var kring ti personar som no skulle demontera venger og BMW-motorar slik at flyet kunne fraktast til Sola for naudsynte reparasjonar. Johannes kan ikkje minnst at han var redd eller føte uhygge. Tyske soldatar og sivile mannskap var jamt over greie folk, er hans erfaring.

Dei som av ulike årsakar kom i klammeri med tyskarane og fekk oppleve Gestapo, fekk røyna krigen på ein heilt annan måte. Men i mitt tilfelle var ikkje krigskvardagen noko eg knyter særleg vonde opplevingar til, understrekar han.

Ein av tyskarane som budde på garden i samband med at flyet

vart rigga for transport til Sola, var litt av ein tryllekunstnar og gjøglar. Han hadde trekkspel med seg, men kunne også snakka utan å bevega leppene. Slikt hadde ikkje unge Johannes opplevd før. Det var bestemora, Karen Berte Reime, som lærte Johannes eit nytt ord.

Ho sa at han var buktalar, slikt hadde eg aldri opplevd før.

Det var mykje framandt å oppleve. Første kvelden henta tyskarane fram ei flaske med brennevin.

Dei hadde med dram og hadde ein liten fest, minnest Johannes.

Flaska rokk ikkje til så mykje på kvar mann. Husbond, Thor, vart bydd på det sterke eldvatnet, men avhaldsmannen takka bestemt nei, noko som vart respektert.

Fekk sjå flyet

Morgonen etter ville Thor ned og sjå på flyet. Det samsvarte ikkje med vakta, som var stasjonert ved flyvraket, sine instruksar. Vakta sendte ein skur med kuler over hovudet på Thor. Bonden

var ikkje særleg skvetten, men han vart arg over oppførselen til soldaten. Då det seinare vart oppdaga kven vakta hadde fyrt av varselskot etter, vart det skværa opp, og Thor fekk ei orsaking i form av ei eksklusiv omvising i flyet. Også Johannes fekk seinare ta turen inn i flyet.

Eg hugsar at kabinen var open og stor, at det stod fleire maskingevær på begge sidene og at det var ein glaskuppel i taket med plass til ein maskingeværskyttar.

Slept til Sola

Tyskarane arbeidde med å demontera flyet i kring 14 dagar. Delane vart sendt nordover med lastebilar etter kvart. Den siste og største delen av det havarerte flyet var sjølv flykroppen.

Det var eit svare strev, som mange skodelystne fekk med seg. Tyskarane la flykroppen oppå kraftige hjulakslingar. Sjølv styrehjulet hadde dei plassert bak, under halepartiet. Flyet vart på denne måten slept nordover mot Sola med ein traktorliknande motorfarkost som trekkraft, fortel Johannes Stokkeland.

Delar av steingardar, grinder og telefonstolpar måtte fjernast for å manøvrera flyet gjennom smale kryss og krappe svingar.

Om flytypen

Flyet som naudlanda på Bodle 2. mars 1941 var eit Focke-Wulff Fw 200 Condor frå den tyske maritime bombeavdelinga KG 40 som alt i september 1940 hadde spreidd uhygge ved å seinka 90.000 tonn med alliert skipstonnasje.

Flytypen var blant det ypparste av tysk ingeniørkunst. Focke-Wulff Condor vart utvikla på slutten av 1930-åra med tanke på sivil luftfart over Atlanterhavet. Flyet, då operert av Lufthansa, var det første som flaug non-stop mellom Berlin og New-York i august 1938 (jomfruturen vestover tok drygt 24 timar grunna sterk motvind). Etter krigsutbrotet i 1939 vart den store Condoren ein del av Luftwaffe sin flyportefølje og i hovudsak nytta som bombe- og rekognoseringsfly. Flyet kunne frå basar i Frankrike nå rundt Storbritannia og Irland for å slå til mot konvoiar ute i Nord-Atlanteren, før det søkte inn til flyplassar i okkuperte Norge, som Sola eller oftast Værnes. Eit slikt flytokt kunne vara i opp mot 17 timar.

Senka skip

Condor-flyet, som naudlanda ved Bodle, gjekk på vengene frå ein flybase ved byen Bordeaux i den tyskokkuperte delen av Frankrike, 16 minutt før 5 om morgonen 2. mars 1941. Målet var angrep på allierte konvoiar i Nord-Atlanteren. Ein stad ute på havet vart ein konvoi, OB 292, med over 40 skip på veg til Storbritannia med krigsmateriell frå hamnar i USA, angripen av flyet. Eit nederlandsk skip vart senka og eit anna hardt skadd, før Condoren med sitt mannskap på seks personar snudde austover mot Norskekysten. 120 nautiske mil vest av Bergen vart dei oppdaga og angripne av to britiske Spitfire-fly. I den påfølgjande heftige luftkampen vart eine jagarflyet skote ned, medan både Condoren og to

av mannskapet vart trefte av kuleregnet frå jagarflya.

Naudlanda og styrta

Det synte seg at flyet var 60 prosent skadd etter møtet med Spitfire-jagarene og kjelva ved Bodle. Flyet vart etter demonteringa reparert og sett saman att på flybasen på Sola før det vart sett inn i operativ teneste for Luftwaffe. Etter kort tid måtte flyet naudlanda på nytt, denne gongen ved Lechfeld i Tyskland. Også denne gongen vart flyet reparert. Flyet totalhavarete over Frankrike 31. juli 1942.

Kjelder:

Intervju med Johannes Stokkeland

Stavanger Aftenblad, 26. mai 2001.

Lisabet Risa: Bilete frå Hå Wikipedia

Foto:

Flykroppen vart slept til Sola etter at vengene og motorane var demonterte. Fotografiet syner at den uvanlege ekvipasjen har via den gamle Nord-Varhaug vegen nådd løa til Anna og Lars Varhaug ved Riksvegen (Fylkesveg 44) på Bratland. I svingen her måtte ein del av steingarden fjernast. Folk har kome til for å sjå på den sjeldne transporten. Det er truleg Olaf L. Varhaug som har lurt seg til å fotografera. Borgny Hobberstad er eigar av fotografiet. Borgny, fødd i 1930, var på møte i losjen då naudlandinga fann stad, men fortel at ho var nede på Bodle saman med nokre veninner og såg flyet seinare.



Frå redaksjonen

«Limet i bygda»

Desse orda lyste mot meg frå framsida i medlemsbladet til Norges bygdekvinnelag "Bygdekvinner". Inne i bladet les eg: "Du skjønner først hva et bygdekvinnelag betyr for bygda etter at det er lagt ned. Etter 20 års fravær skaper etablering av nytt bygdekvinnelag stor entusiasme i Tinn. Før året er omme nærmer medlemstalet seg 80"

Så langt det bladet, og så over til vårt eige. Trur nok at vårt bygdekvinnelag og limer bygda godt saman på ymse vis, med alle dei aktivitetane dei har. Og oppslutninga kunne knapt vore betre. Styret har her vore dyktige og fått med seg unge folk, og dei har gjerne augo for ting me "litt eldre" ikkje ser. Stå på vidare.

Akkurat nå har me flott vinter, men ikkje snø. Det er snart mars, så den kan nok framleis koma. Men akkurat nå ynskjer i alle fall ikkje eg snø, det er litt for seint. Det går mot påske og mange lange helgedagar, men etter den reknar eg med det vert vår.





Valfagselevane lagar til maten, som er gratis for alle ungdommane på klubb.



Musikkrommet vert endeleg teke i bruk med gode musikarar til hjelp.

Stor aktivitet i lennsmannsløå

Det siste halvåret har vore fylt med kurs og arrangement, og desember toppa me besøkstala då det kom ca 50 ungdommar kvar tysdag. Me har no samarbeid med Vigrestad og Ognå skule, slik at nokre elevar har valfaget sitt på ungdomsklubben.

Monica Cecilie Herredsvela

Dei må då velje kva mat som skal lagast, laga maten, rydda, laga quiz/kahoot og koma med idear for det som skal skje framover på klubbkveldane. Dette har vore utruleg kjekt til no, og me håper å kunna halda fram med samarbeidet.

Me er for tida ekstra heldige, og får besøk av Inger Elisabeth Aniksdal eit par timar kvar tysdag no ei stund framover. Inger Elisabeth er knakande god på musikkrommet, og lærer fleire av ungdommane å koma i gang med gitar/ trommer/ piano og song.

Det vil skje ein del på klubb framover mot sommaren og, men for å få mest mogleg info er det

lurt å følja med på facebookside til Lensmannsløå Ungdomsklubb.

Alle jenter!!! Fredag 11. februar kl: 17.00 - 21.00 er de jentenes tur igjen, og me arrangerer Jentekvelden denne gong på Vigrestad, i Hå Kulturtorg sine lokaler rett over togstasjonen. I år er alt utanom kioskvarer gratis, då me har fått støtte frå Frifond. Me serverer tapas frå Jærgarden, har ståande ein svær sjokoladefontene, besøk av sexolog, familiesenteret, frisør og sminke, massasje og mykje meir. Dei fyrste 50 som kjem får ein goodibag med mange ulike produkt. Sist jentekveld kom over 60 stk, og me er klar for storinnrykk denne gongen og!



Gode klemmar og nye venner er ikkje uvanleg ein klubbkveld.



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer:

- 15/3 Årsmøte kl. 19:00 i fjøset. Alle er velkommen.*
- 17/3 "En Herrlig Aften" Med Klippenberg & Petersson*
- 21/4 Koret Korall frå Randaberg presenterer Gospeldronninga Mahalia Jackson gjennom ord og tonar.*
- 17/5 Kulturkveld*
- 22/5 Pippi. Teaterforestilling av Fantefølget.*
- 23/6 Jonsokfeiring i Lensmannsgarden*
- 18/8 Konsert med Hans Williamsen og Avløyserne*

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook



Presenterer: **En Herrlig Aften**

Med: **Arnt Olav Klippenberg & Sven Arne Petersson**



Klippenberg & Petersson har stått på scenen sammen siden de var 15 år.

"En Herrlig Aften" er en kveld med lave skuldre og ekte vare. Det blir verken power point, play back eller digitalt flimmer. Klippenberg & Petersson lover en tvers i gjennom analog aften.

Sted: Lensmannsløå på Varhaug

Tid: Torsdag 17/3-16 kl 19:00

Aldersgrense: 18 år

Billettsalg: Bøen og Linticket.no, Pris 200,- (Kontant betaling)

"lik" på Facebook "Kultur i løå"

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571



Mahalia Jackson - Spirituals

I samarbeid med Kultur i Løa vil kora Korall og Amazing ha konsert oppe i Løa på Lensmannsgarden torsdag 21. april kl. 19.30.

Det vert sal av billetter på Bøen, på billettservice.no og ved døra.

Pris: 150 kr

Mahalia Jackson (1911 – 1972) ble ofte kalt den beste innen gospelens historie, eller «Queen of Gospel». Hennes stemme ble kjent over hele verden hvor det fantes en radio og hun solgte millioner av plater. Hun samarbeidet med de store på hennes tid, Duke Ellington, Thomas Dorsey og Elvis, for å nevne noen. Hun ble en av de mest innflytelsesrike gospelsangerne i verden, og er blitt hyllet som både sanger og borgerrettighetsforkjemper.

Sanger om himmelen sto sterkt i gospeltradisjonen. Slaveriet var ikke lenger unna i tid enn at Mahalias bestefar hadde vært slave. Mahalias hverdag var at de samme menneskene som ville ha henne til kirkene deres for å holde konsert, ikke ville gi henne husrom etter konsertene. Under den store borgerrettsmarsjen i 1963, der hennes gode venn og kampfelle King holdt sin berømte tale "I have a dream", var hun med og sang for en kvart million mennesker. I Kings begravelse fem år senere, etter skuddene i Memphis, sang hun "Take my

hand, Precious Lord"; en sang som ble hennes signaturløse.

Hennes glede og lovprisning fortsatte å leve i nye generasjoner – og til inspirasjon for andre artister. Det er i denne tradisjonen korene Korall og Amazing plukker opp tråden. Vi ønsker å framføre Mahalias sanger på Mahalias vis; inderlig, sterkt, levende og med nerve.

På denne konserten vil du få oppleve et stort kor med orkester, men ikke minst solister som yter Mahalia rettferdighet. Vi skal framføre Mahalias mest kjente og kjære sanger, og vi skal få høre mer om hennes liv og virke.

Kom og kjenn hvordan et stort kor kan løfte, og hvordan en sterk solist kan berøre.



Jærkveld



“Kultur i Løa” inviterer til kulturkveld på Grunnlovsdagen 17.mai kl 19.00.

Kåseri ved Jarle Mong • Musikk: To tynne og ein Runde

Billett kr 250

(inkl. suppe m/brød, kaffi og kaker)

Sal av brus, øl og vin. • Aldersgrense 18 år. • Billettsal på Bøen.

Hva skjer i korpset?

Vi har startet 2016 med forberedelser til våren. Det kan kanskje virke lenge til, men 17. mai kommer fort og det er mye som skal øves inn.

Vi er så heldige at vi har fått inn hele 5 nye aspiranter som er en svært tiltrengt vekst i korpset. Men vi har alltid plass til flere. Vi vil også i år prøve å få til en rekruteringskonsert på skolen for 3. og 4. klassingene. så går din unge med et ønske om å lære å spille et instrument, og ha det kanonkjekt i lag med andre, så er korpset plassen. Og for eventuelt bekymrede foreldre som tror at det å være med i korpset betyr dugnad på dugnad hele tiden, så kan jeg love dere at det ikke stemmer. vi har 17. mai som den store dugnadsdagen, og kanskje 2 timer med loddsalg i løpet av året.

I tillegg til fellesøvelser med korpset, så får alle musikkantene individuell opplæring via kulturskolen i hå. Dette er et tilbud som vi i korpset ønsker at våre musikkantene skal få, og derfor så betaler vi for dette i minimum 2 år.



Vi i styret er også i full planlegging av årets sommertur. Hvert år når skolen tar sommerferie reiser vi på tur. Det kan være reise koseturer, eller vi kan være

med på ulike musikkfestivaler rundt omkring. Dette året hadde vi lovet alle musikkantene en utenlandstur, noe vi har ca hvert 3. år. Og i år går turen til København. Dette blir en ren kose og opplevelsetur, som musikkantene allerede har begynt å glede seg til.

Griselotteriet: Dette året prøver vi en ny vri når det gjelder vår tradisjonsrike griselotteri. Vi kommer til å sitte å selge lodd på Spar og på Coop Extra.

dette vil skje følgende datoer: **lørdag 5. Mars fra 10-18 på spar og Lørdag 19. Mars 10-18 på coop.** Håper mange vil ta turen innom for å støtte oss og å kjøpe lodd. Gevinstene er også i år gavekort fra R.Skretting.

*Mvh For Styret i Varhaug skulemusikkorps
Kjartan Aanestad. Leder*

Fantefølge spiller forestillingen "Pippi" i Løa på Lensmannsgarden søndag 22. mai

Når man har vokst opp på havet, med en pappa som er sjørøver og en mamma som er engel i himmelen, er det ikke alltid så lett å vite hvordan man skal oppføre seg. Men Pippi prøver så godt hun kan.

Historien om Pippi Langstrømpe er kjent og kjær, og i denne forestillingen får dere møte flere av de kjente figurene. Dere får selvfølgelig høre

både Pippisangen og flere andre sanger.

Pippi spilles av en av barne og ungdomsgruppene i Fantefølge. Gruppen kalles "Teaterfanter 3" og består av 15 jenter i alderen 11 - 15 år. De har tidligere spilt Pippi både på Bryne Torg og i Storstova.

Fantefølge er en lokal teatergruppe som holder til på Bryne. De har årlig flere oppsetninger både for voksne og barn. I høst var de i Løa på Lensmannsgarden på Varhaug med forestillingen "Kjærleik på Lykteland" og nå gleder de seg til å ta "Pippi" med til Løa på Lensmannsgarden søndag 22. mai.



Pippi



Språksprell i Løa - integrering og språktrening

Det er torsdag. Klokka nærmar seg 9. Løa fylles av kvinner og menn frå Afghanistan, Eritrea, Etiopia, Irak, Somalia, Sudan og Syria – og frå Norge. I alt 25-30 personar. I den faste presentasjonsrunden vert dei vanskelege namna, både utanlandske og norske, repetert. Det er utfordrande tunggymnastikk både for gjester og vertskap, men alle prøver så godt dei kan og så går det litt betre for kvar gong.

Anny Hagesæter og Anlaug Riise Varhaug

Etter ein felles start går alle til sine grupper og aktivitetar. Her er det grupper som lagar mat, syr på symaskin, strikkar eller rydder på Iden.

Slik lærer gjestene å forstå og snakka norsk, og vertskapet gir, og får, ny kunnskap og erfaring.

Her må me gløyma den jærsk effektiviteten. Her gjeld det ikkje å få gjort mest mogeleg, men å «tatla og drøsa», stilla spørsmål, lytta, forklara, konkretisera og repetera.

Men sjølvsagt er dei stolte av sjølvsydd kaffiposevesker og sjølvstrikk pannebånd, etter å ha «fått tatt i eit tak» eller å kunna servera heimelaga lunsj til heile gruppa.

Så er klokka 12. Dempa musikk høyrer. Suppa er ferdig.

No samlar alle seg til lunsj ved langbordet i Løeståvå. Suppe og nysteikt brød går unna medan drøsen går, noko på norsk, noko på arabisk, somalisk osv. - litt pause frå norsken må vera lov! Men berre litt. Så syngest det, på arabisk og norsk med følge av trommer og gitar. Det heile berre skjer, uhøgtideleg og spontant. Eit triveleg og gøy avbrekk før ein går inn med full konsentrasjon i brettspel. Det er stort engasjement både hjå gjester og vertskap når ord og setningar skal lærast. Kva betyr dette? Korleis skal eg forklara dette? Junior Alias og Lotto er gode hjelpemiddel i norsktreninga.

I tillegg til å trenast på norsk, er føremålet å byggja bruar mellom det som er kjent og det som

er framand. Me vil gjera det ukjente kjent med å vera, gjera og læra saman på tvers av alder, etnisitet, språk og kultur.

Språksprell på Varhaug er eit samarbeidsprosjekt mellom Frivilligsentralen, Introduksjonsprogrammet, Varhaug bygdekvinnelag, VIL og andre frivillige. Responsen på spørsmålet om dette var noko dei ville vera med på, var overveldande positiv. Med glød og interesse møter det mange frivillige opp kvar torsdag og gjer eit flott og viktig integreringsarbeid. Det er utruleg kjekt å sjå kva me klarer å få til når gode krefter går saman!

Tilbodet vil halda fram til midten av juni.



VARHAUG MISJONSHUS



Nytt frå Misjonshuset

Så er det snart vår. Vinter har me ikkje hatt mykje av hittil. Men når våren kjem, er dei fleste årsmøtene gjort unna. Men årsmøtet for Misjonshuset står att, velkomen 10. mars

For «me over 60» er det to onsdagar i månaden treff på Misjonshust kl 14. Her er det litt program og ein liten utlodning – og god mat.

Av hendingar framover, kan nemnast: Fasteaksjon med konfirantar 15. mars,

Palmesøndagsfest 20. mars, møter langfredag og 2. påskedag, kvinnestevne 4. april.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ein har i mange år hatt bønn for Varhaug og de enkelte, med eit opplegg der bønnedag er delt på

mange. No er det på gang ein bønneaksjon ei uke 24 timar i døgnet, - det vert 168 timar. Eit spennende prosjekt, og då trengs det minst 168 personar som deltar dag og/eller natt.

Ønsker du å tinga rom på Misjonshuset for f.eks konfirmasjon, er det enno plass for i år, og for 2017 er det trekning kring 1. mai.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er no berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Autorisert regnskapsførerselskap

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

**ÅNESTAD
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10



R.SKRETTEING A.S

SpareBank
SR-BANK



Sammen får vi ting til å skje.

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug

jonharald@norgeshus.no

Olav Larsen &
The Alabama Rodeo Stars
Support, SkankeVeland
Lensmannsløa, Varhaug
torsdag 21. januar 2016
Publikum: Ca. 60



Olav Larsen & The Alabama Rodeo Stars

Olav Larsen & The Alabama Rodeo Stars er tradisjonister i ordets rette forstand. Her dreier det seg om en ektefølt kjærlighet til rotekke Americana-, singer/songwriter- og countrymusikk.

Tekstene er fylt av triste menn med store ord og lengsler etter kjærligheten. Humor, sorg og glede går hånd i hånd i Olav sine tekster. Bob Dylan er en stor inspirasjonskilde og grunnen til at Olav startet med musikk, da han innså at det var mulig å drive med musikk uten å være spesielt musikalsk. Fremførelsen vitner om ren spilleglede og et band som har god kontakt med sine musikalske røtter.

Konserten startet med "Let it rain" som solonummer av Olav, etterfulgt av "Used to be lovers" som duett sammen med Anita, før resten av bandet entret scenen. De leverte sanger helt fra den første platen til noen helt nye. Kan nevne "Take me to the river" som kommer på den nye platen. En lystig gospel som slo veldig bra an hos publikum som gjorde et redelig forsøk på å klappe takten. De spilte og en coversang hvor Olav utlovet en klem til den første som klarte å skrike ut riktig artist. Det var Marit til Ottar som var kjappast ute og skreik ut Bob Dylan! og vant dermed den velfortjente klemmen.

Med seg i bandet har Olav et knippe musikere av ypperste kvalitet. Trommeslager Arne Andersen som og spiller fast i backingbandet til Tønes. Det samme gjør gitarist Erlend Aasland. Sistnevnte spiller og med Aaslandbros og de fleste andre band i Rogaland. Videre følger hans faste duettpartner Anita Bekkeheien som blant annet og er medlem i det Jærskke bandet Lappeteppe (Anbefales), bassist Torje Fanebust Ås, pianist Johnny Engelsvoll og fiolinist Lillian Hodne (ikke til stede). Alt i alt danner de syv faste medlemmene i The Alabama Rodeo Stars et grunnlag få låtskrivere kan skryte på seg. Og dette vet Olav Larsen å utnytte seg av for absolutt alt det er verdt. De leverte en konsert helt der oppe på terningen og dette er garantert ikke siste konsert jeg ser med det bandet.

Kjetil Effjestad



HÅ-mesterskapet i sjakk for skoleelevar

28 gutter og 3 jenter hadde meldt seg til meisterskapet på laurdag. Spelestad var Kulturtorget Vigrestad, og foreldre og søsken kom og var tilskodarar. (heiarop er ikkje tillat ved sjakkturneringar). Ein ser at det er tre som kjem frå skuler utanfor Hå, men dei er med og spelar sjakk i Hå eller er på flyttefot hit.

Me starta opp kl 1000 med eit kvarter på golvet framfor eit stort sjakkbrett der Eirik Høidahl ga eit innblikk i nokre sider av sjakkspelet. Han viste nokre stillingar på brettet der ein kunne setja matt etter nokre trekk og bad dei unge spelarane foreslå kva kvit måtte gjera for å slå svart.

Og så starta turneringa med 6 parti for kvar. 14 var ferske sjakkspelarar og var i klassa for nybegynnarar. Har var det klart at dei fleste treng litt meir instruksjon og læring,- blant anna på å setja matt,- noko vi i klubben trener på når me har spelekveidar. Dei fleste vart ferdig ganske fort,- men når nokre brukte meir enn 15 minutt, måtte dei få klokke dei siste 5 minutta. Og då tapte nokre på tid.

17 gutar spelte i klassa for vidarekomne,- og her var det svært tydeleg at nokre av dei kunne ganske mykje sjakk. Gutane i denne klassen spelte med sjakk-klokke med 10 minutt på kvar spelar. Nokre tapte på tid, og det er ikkje kjekt. Før kvarrunde starta, vart det opplyst om korleis stillinga var. For vinnaren skulle få tittel «Hå-meister i skulesjakk» så det galdt å skjerpe seg før neste parti.

Etter 5 rundar var det pizza og brus,- og det gjekk ned på høgkant. Ein av dei minste klarte 4 store stykkar!!! Etter pizza hadde me årsmøte for klubben der leiaren presenterte rekneskap og årsmelding medan spelarane starta siste runde.

Hå-meister i skulesjakk 2016 vart Oskar Feed Jakobsen

Siste runde vart ein thriller for mange spelte ganske jamt. Til slutt vart vinnaren utpeika, ingen klarte å slå han! Gratulerer Oskar Feed Jakobsen med 6 seire av 6 moglege. Steffen Thune fekk 4.5 poeng på neste plass og 4 hadde 4.0 poeng. Sjå resultata i tabell nedanfor.

På nybegynnarklassen vart det 4.5 poeng på både Titas Polozkovas og Tommy Jahren, og to fekk 4.0 poeng. Kvalitetsrekning måtte til for å skilje,- og Titas vart nr 1 framfor Tommy. Sjå resultata i tabell nedanfor.

Første og andre og tredje plass fekk eigne premiar, og alle deltakarane fekk premie. Det er og to store vandrepokalar som vert ståande på skulene til vinnarane. Dette året var det ordna med ein ny vandrepokal til beste klasse, og den er sponsa av Jæren Sparebank. Første skole som får 3 napp i ein pokal, får pokalen til odel og eie.

Og for dei som ikkje vant – klubben vil arrangera Hå meisterskap om eitt år,- det er berre å starte treninga for å gjere det betre då.

Med sjakkhilsen, Per-Arvid



Fra beste klasse



Fra Nybegynner klasse

Hå-mesterskapet 2016 – Vidarekomne


Pos	Pts	NAME	Buc1	BucT	S-B	skole
1	6.0	Oskar Feed Jakobsen	16.5	17.0	17.00	Varhaug
2	4.5	Steffen Thune	21.0	24.0	16.25	Varhaug U.
3	4.0	Roar Sola	21.0	24.0	13.50	Varhaug U.
4	4.0	Simon Auklend	16.0	16.5	8.00	Vigrestad
5	4.0	Isak Mikal Røyland	15.0	15.5	9.00	Lurahammeren U.
6	4.0	Arvid Feed Jakobsen	15.0	15.5	8.00	Varhaug
7	3.5	Mads Even Hobberstad	21.5	24.0	11.75	Varhaug
8	3.0	Filip Aarsland	17.5	19.0	7.00	Vigrestad
9	3.0	Ivroy Nimki	17.5	19.0	6.50	Bogafjell
10	3.0	Sven Tobias Ueland	16.5	17.0	6.50	Varhaug
11	3.0	Kacper B Cwiklo	15.0	15.5	5.00	Nærbø U.
12	3.0	Simen Johansen	13.5	14.5	4.50	Nærbø U.
13	3.0	Asle Kydland	13.5	14.0	4.50	Varhaug
14	2.0	Adrian Svendsen	19.0	19.5	4.00	Vigre
15	2.0	William Ben Nilsen	13.0	13.5	2.50	Ogna
16	1.0	Aslak Moland	18.5	19.0	0.50	Høyland
17	1.0	Leif Sverre Gimre Håland	15.5	17.0	1.50	Vigrestad

Hå-mesterskapet 2016 - Nybegynnarar

Pos	Pts	NAME	Buc1	BucT	S-B	skole
1	4.5	Titas Polozkovas	19.0	21.5	16.25	Vigrestad
2	4.5	Tommy Jahren	18.0	20.0	13.75	Nærbø Ungd.
3	4.0	Silje Rimestad	19.5	20.5	12.00	Vigrestad
4	4.0	Knut Morten Skrettingland	19.0	21.5	12.50	Varhaug
5	3.5	Torje Skjevra	19.0	21.0	10.25	Undheim
6	3.0	Bjørn Ole Aanestad	16.5	18.5	7.75	Varhaug
7	3.0	Jone Grødeland	15.5	17.5	7.00	Vigre
8	3.0	Palle Skrettingland Haarr	14.5	15.5	5.50	Varhaug
9	2.5	Fredrik Løland Sirevåg	16.0	18.5	7.50	Vigrestad
10	2.5	Klara Skrettingland Haarr	13.5	14.5	4.75	Varhaug
11	2.5	Ola Hauge Sikveland	12.5	13.5	5.00	Høyland
12	2.0	Isak Hatteland	16.0	17.0	4.50	Bø
13	2.0	Emilie Kvien	15.5	16.5	3.50	Vigrestad
14	1.0	Arne Skrettingland Haarr	14.0	16.0	2.25	Varhaug



Beste klasse



Hå skulesjakk

Det ser ut til at sjakk fortsatt er ei guttegreie. Men no er det med to jenter på Vigrestad,- og dei trivst og vil vere med når klubben har sitt årlege Håmesterskap for skuleelevar laurdag 5.mars.

På Vigrestad spelar me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 på "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen.

På Varhaug spelar me no på onsdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa. No er det ikkje så mange på samlingane. Men fleire av dei beste gutane deltar på voksensjakken.

Hå sjakk for vaksne

Det med sjakk for vaksne har ikkje tatt heilt av. Men no har me i gang ei turnering med 12 deltakarar. Og me spelar annankvar onsdag frå kl 1900 til om lag 2130. Har du lyst til å vere med- så er du velkomen. Meld deg på facebook – gruppe «sjakk i Hå»

Me har hatt uformelle små lynturneringar til nå, og det er kjekt. Fleire er ganske gode, sjølv om nokre spelte for mange år sidan, så har dei ikkje glemt alt.

No er det med spelarar frå Vigrestad, Varhaug, Undheim og Bryne.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Giverglede: 85 200 kroner og mange smil

Caroline Aspelund, SUS

Hva får du når du samler en gjeng dyktige fotoentusiaster med et stort hjerte for andre mennesker? En fotokalender, 85 200 kroner i giverglede og mye takknemlighet.

Det er Varhaug fotoklubb som står bak det flotte initiativet til poliklinikken på avdeling for blod- og kreftsykdommer. Det var med ydmykhet at medarbeiderne mottok en sjekk, mandag 22. februar, på 85 200 kroner som skal gå til trivselstiltak på avdelingen.

Ingvald Aase og Asle Haukland er blant initiativtakerne som var til stede i dag for å overrekke gaven. Hvorfor gaven gikk til akkurat denne avdelingen er ikke tilfeldig. Aase har selv vært pasient, og ville gi noe tilbake. Det er de ansatte veldig takknemlige for.

– Vi er avhengig av andres generøsitet, og vi synes det er fantastisk å kunne bruke penger på tiltak som kommer våre pasienter til gode, sier



Det var stor stas å få besøk av Varhaug fotoklubb. I tillegg til å ha med seg kaffemat til medarbeiderne, hadde de med seg en fantastisk pengegave som skal gå til trivselstiltak på avdeling for blod- og kreftsykdommer. F.v: Fotograf Asle Haukland, kreftsykepleierne Therese Dahl og Siv Tove Aunan, og Ingvald Aase i Varhaug fotoklubb. Foto: Svein Lunde, Helse Stavanger.

kreftsykepleier Siv Tove Aunan.

Hva pengene skal gå til er ikke helt bestemt ennå. Først skal dette drøftes blant de ansatte og med pasientene.

– Det er viktig å inkludere våre pasienter i dette. Dette er for dem. Men det vi vet er at deler i alle fall skal gå til våre yngre pasienter, sier Aunan.

I alt har Varhaug fotoklubb solgt 425 kalendere, med naturbilder fra årstiden. Salget skjedde blant annet fra dør til dør på Varhaug. Og givergleden var stor.

Vi så at mange kjøpte kalender fordi pengene gikk til et godt formål. Det har vært utrolig kjekt å jobbe med dette tiltaket, og det er flere som har bidratt. Det setter vi pris på, avslutter Ingvald Aase.

Tusen takk til dere alle som kjøpte kalender og gjorde det mulig for Varhaug Fotoklubb å samle inn kr. 85.200,- til trivselstiltak for pasienter på kreftavdelingen på SuS. Fotoklubben vil videre takke alle kalenderselgerne som i tillegg til fotoklubbens medlemmer gjorde en fantastisk innsats.

Vi i fotoklubben synes at dette har vært et trivelig aksjon og som også har vært en god PR for klubben. Aksjonen har gitt oss nye medlemmer, men det er fortsatt plass til flere. Du er hjertelig velkommen.

Varhaug Fotoklubb
Ingvald Aase



Graudafest på Lerbrekk skule

Me er alt kome eit stykke inn i 2016, og det nærmar seg årsmøte for Vennelaget. Torsdag 10. mars kl. 19.00 har me årsmøte. Det vert vanlege årsmøtesaker med årsmelding, rekneskap og val. Me har fått med oss Ståle Ree som skal underhalde. Ei god matøkt med åresal og trekning høyrer med. Vennelaget ynskjer alle vel møtt, både medlemmer og andre interesserte.

Sundagskafeen held fram som tidlegare første sundag i månaden, unntatt i mai, august, desember og januar. I august har me grillkveld torsdag 4. august kl. 18.00.

Me informerer på Facebook-sida og «det skjer» i Jærbladet og Aftenbladet. Det vert og sett opp plakater på Handelslaget og Spar.

Vennelaget for Lerbrekk skule arrangerte Graudafest torsdag 3. desember 2015. Ute var det lite som minna om vinter, med regn og surt haustver. Inne var det dekkja fine bord, pynta med rødt og tente lys. Leiaren Sigbjørn Varhaug kunne ønska heile 68 medlemmer velkommen, så det var rimeleg fullt i skulestova. Spesielt velkommen var rådmann i Hå, Anne Berit Berge Ims som skulle halde kveldens innlegg. Me starta med å synge «Det Lyser i stille grender» og Arne Garborg sin fine song «Gud signe Noregs land» til sikkert tonefylgje av vår faste kapellmeister Brit Obrestad på orgel.

Rådmannen Anne Berit Berge Ims snakka om demokrati og byråkrati, altså folkestyre og kontorstyre. Stillinga som rådmann er ein administrerande direktør for 1600 tilsette som skal levera best mulege tenester til 18000 innbyggjarar i Hå kommune. Det har vore val, og nye politikarar

skal få opplæring og finna sin plass. Byråkratiet, som ofte er brukt som eit skjellsord, er heilt nødvendig for å få ein kommune til å fungera best mulig. Men det er viktig at byråkratiet ikkje er for stort, men at det er tilpassa dei oppgåvene som er nødvendige å få utført, til beste for brukarane, Anne Berit Berge Ims har jobba mykje med å få dei tilsette til å jobbe ilag, og har innført eit nytt motto «Me lyfter ilag». Rådmannen er ansvarleg for at saker til politikarane er breiast muleg forberedt, og leggja forholda til rette slik at politikarane i best mulig grad kan ta dei beste og rette avgjerder. Det er eit stort budsjett som skal setjast opp og overvakast, og store investeringar skal utførast dei næraste åra. Anne Berit Berge Ims følte seg privilegert som får anledning til å vera rådmann i Hå, og eg trur alle sette pris på å få verta litt meir kjend med ein inspirerande og sjarmerande leiar.

Risgrauten var klar og kom på bordet, og det smaka godt i lag med heimelaga lefser. Matøkta er viktig med ein gode drøs rundt bordet. Kaffi, småkaker, åresal, trekning og allsong likeeins. Alle trivs på Lerbrekk. Til avslutning las Sigbjørn juleevangeliet, og me song «Deilig er jorden».

Me hadde julatrefest 4. dag jul som vanleg. Denne gongen var det presten vår, Gaute Øgreid Rasmussen som var med og hadde andakt. Elles er det stor stas med posane som ungane får. Kanskje er det å «smedla posen» meir spennande enn kakemannen og mandارين? Gang rundt juletreet med våre kjære og kjente julesongar høyre med på ein julatrefest. Agnes og Olav på trekkspel sette ein ekstra spiss på songen. Takk til begge som alltid stiller smilande opp.

Vennelaget v/Brit og Inger



30 årsjubileum i Varhaug Pensjonistlag

Når eit lag har halde på i 30 treng me å sjå oss litt attende, for kven hugsar kva som hende i 1986? «Det var ein gong» startar eventyra med. Dette er ikkje eventyr, men fakta.

Brit Obrestad

Det har vore litt vanskeleg å finna ut kven som var den første leiaren, men desse var med og starta opp: John Lyng Lea, Thomas Framnes, Johanna Aanestad, Ingrid Hoff, Sonja Åmot, Kjellaug Høien og Gerd Gya. Dei som har vore leiarar i desse 30 åra, er: Olav Einervoll, John Lyng Lea, Johanna Aanestad, Kornelius Skrettingland, Jostein Tjensvoll og Halldis Bakke. Laget er tilslutta Pensjonistforbundet sentralt og på fylkesplan.

Det har visst vore eit eldrelag før pensjonistlaget vart stifta, Varhaug eldreheimslag. Her står mellom anna: «Etter vedtak på årsmøtet den 22. januar 1985 vart aktiviteten i laget innstilt. Det

har vore heller dårleg tilslutning på foreningsmøta i den seinare tida. Mange har vorte for gamle til å ta seg ut, og nye har ikkje kome til. Då det er på tale å skipe pensjonistlag, vart det vedteke å ikkje å driva aktivt med møter og turar lenger.» I november 1999 kallar Ruth Einervoll til møte dei som lever att av medlemmane i eldrelaget, og dei vedtek å føra over pengane som dei har ståande på konto til Varhaug pensjonistlag. Dei som har vedteke dette er Gerd Gya, Dagny Haaland og Ruth Einervoll.

Varhaug pensjonistlag har nå 66 medlemmer. Laget har møta sine på skulen den siste tysdagen i månaden kl. 17 - 19, og dei

avsluttar og startar sesongen med turar. Som oftast er det dagstur, men dei har og hatt tur over fleire dagar med overnatting. På møta har dei med ulike folk, både frå bygda, men også frå andre stader, som underhald, anten det er med song og musikk, kåseri eller foredrag. Her er litt for ein kvar smak. Sjølvstøtt har dei mat og kaffi, og utloddning.

Dei ivra svært for å få ein hjartestartar i bygda. I 1989 vart det så levert kr 52.500 til ordførar Kjell Lund. Det er Varhaug eldreheimslag som har gitt kr 37.500, Varhaug Handelslag har gitt kr 5.000 og Hjertelaget kr 10.000.

Av andre ting kan nemnast at dei sette i gang er bading

i varmtvannsbassenget på Nærland. Dei fekk og i gang servering av middag på eldresenteret ein gong i veka. Det vart eldreråd i kommunen i 1988. Ein kan trygt seie at pensjonistlaget har vore positivt for bygda og kommunen. Når ein sluttar av arbeidslivet og vert pensjonist, er det viktig å koma seg ut og få nye impulsar. Det å treffa andre er viktig. Ein treng å halde seg i form både fysisk og psykisk. Den gode «drøsen» når ein treffer andre, friskar opp kvardagen. Lytte til song og musikk, og det andre fortel frå turar i inn- og utland, eller informasjon om ulike tiltak som ein kan nytte seg av, er viktig.

Tysdag 26. januar hadde Varhaug Pensjonistlag invitert til jubileumsfest på Varhaug Misjonshus for å feira 30 årsjubileum. Det var dekka fine langbord i matsalen, og etter kvart vart det 121 inviterte gjester som benka seg rundt bordene. Her var gjester frå Klepp Pensjonistlag, Nærbø Pensjonistlag og eldrelaget «Vi over 60» på Varhaug Misjonshus.

Leiaren i laget, Halldis Bakke ynskte alle velkommen, både gjestene frå dei andre laga, og dei som skulle delta på festen, Mons Skrettingland som skulle vera kveldens konferansier, Sjur Håland, prolog, Kjell Olav Stangeland, kåseri, syskena Reime med song, ordførar Jonas Skrettingland, rådmann Anne Berit Berge Ims, og Brit Obrestad som skulle spela til allsongane. Etter velkomstorda var det stille i eit minutt for å minnast dei som hadde gått bort i året som gjekk. Halldis Bakke ville ikkje leia festen sjølv, og meinte at det

høvde at Mons gjorde det sidan far hans, Kornelius Skrettingland, i mange år hadde vore leiar i laget. Til innleiing song me «La oss leve for hverandre» før Mons Skrettingland fekk ordet. Han batt kvelden saman på ein fin måte, og fortalde at han kjende godt til laget frå den tida faren var formann, for faren testa ut programmet på Mons mange gonger i dei åra.

Sjur Håland fekk så ordet, og han har ein spesiell eigenskap til å få fram mange gode poeng frå gamle dagar og fram til i dag. Han snakka varmt om adelen på Jæren, desse som me finn rundt om i bygdene, som ikkje stikk seg fram, og heller ikkje er opptekne av siste mote. Nei, dei er nøgde med det enkle. Då kjøleskåpa for alvor kom, kunne ikkje den eldre generasjonen skjønne kva ei skulle bruke det til. Skåpet i kjøkken gjorde nytte nå som før. Like greitt å putta spøtet i kjøleskåpet.

Syskena Reime gledde oss med tre songar etterpå, før ordet vart gitt til Kjell Olav Stangeland frå Bryne. Han sa at Sjur hadde brukt mange av poenga han hadde tenkt å bruka. Men det fekk stå til like vel. Han tok utgangspunkt i innleiinga til «Fred» av Arne Garborg, og trekte fram endringane som har skjedd med Jæren og jærbyen frå Garborg si tid og fram til i dag. -Det er berre havet som er det same som på Garborg si tid. Jæren har fått sama utviklinga som resten av landet. Stasjonane har vakse seg stadig større. Folketalet har auka i dei tre kommunane på Jæren, frå ca. 18.000 i 1951, til ca. 55.000 i dag. Landbruk, industri, skular,

kultur og dugnad er viktige på Jæren. Dialekten har og endra seg. På 1950 talet var det utenkjeleg å høyra jærdialekt i radioen. Det var rett og slett stygt. I dag er me stolte av dialekten vår.

Mons takk begge to og sa at dei hadde utfyllt kvarandre veldig godt. På ein jubileumsfest høyrer det med ein god middag. Etter bordverset fekk me servert herleg sursteik med grønsaker og poteter. Til dessert fekk me sviskegraut. Etterpå var ein god pause der det var høve til å drøsa med folk. Me song så «Når lysene tennes der hjemme» før syskena Reime song tre songar. Så var det tid for helsing og gratulasjonar med blomar og gåver frå ordførar Jonas Skrettingland og rådmann Anne Berit Berge Ims. Vidare var det helsingar og blomar frå eldrelaget på Misjonshuset ved Lars Jan Nord-Varhaug, Klepp Pensjonistlag ved Johannes Byberg, Nærbø Pensjonistlag ved Bjarne Obrestad, og frå fylkeslaget ved Edith Gudmestad.

Alle hadde fått eit lodd på tallerkenen, så det var trekning av alle plantene som det var pynta med på bordene. Halldis Bakke fekk ordet til slutt, og takka alle som hadde kome på festen. Dei som hadde delteke fekk kvar sin blomebukett som takk for innsatsen. Til avslutning song me «Kveld på Jæren» av Tobias Skretting.





**VARHAUG
BYGDEUNGDOMSLAG**

OLABILLØP



Lørdag under Varhaugmarken arrangerer Varhaug Bygdeungdomslag olabilløp!
Startstreken går fra Esso-brunå å ner langs togbanen og vil ende rundt gamle SR-bank ett sted.
Sett i gang olabil bygginga og bli med du og!

Varhaugmarken

Varhaugbuen har snakka med Eirik Sandanger, som seier at "firerbanden" (han sjølv, Reidar, Lars Gaute og Frank) er i full gang med planlegginga av marken. Dei har hatt fleire møter, og skal nå ta for seg bedriftene på Varhaug for å få flest mogeleg av desse med. Eirik ber alle lag og organisasjonar tenka på noko dei kan bidra meg, og tykkjer det er stor stas at BU vil laga til Olabil løp.

KULLSYREMASKIN FRA AGA



499,-



ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll •
- Hjulstilling •
- Service •
- Tilhengerservice •
- Salg av dekk •
- Dekkkhotell •



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



Dyreklinikk og dyrefrisør

Som mange kanskje husker skreiv eg i sist nummer av Varhaugbuen. «Nå vert det liv i gamle banken». Då skreiv eg om Marius Usvaltas, veterinær frå Litauen som lenge hadde tenkt å starta noko for seg sjølv.

Nå er han i gang. Jæren dyrehelse AS er etablert med 5 aksjonærar. Reidar Skretting (eiagar av lokala), Marius og kona Aiste, og Vaida, som alle er veterinærar. I tillegg ei anna Aiste som er hundefrisør.

Dei starta 1. desember og kontortida er måndag-fredag kl. 1400-1800. Laurdag kl. 10.00-14.00. Utanom kontortida er det berre å ringa 96 71 28 10.

Marius er 35 år. Han og kona kom til Norge i 2010. Dei har 2 barn og kjøpt hus på Varhaug. Dei har same adresse som meg; Nordsjøvegen, berre at dei bur litt senger sør; på Nyvlest. Då dei kom til Norge var det viktigaste for Marius, utanom jobben, å læra seg norsk, og det har han vorte veldig god til.

Eg fann ganske raskt ut at det ikkje var lett å få til noko drøs med Marius, for telefonen ringde støtt. Eg hadde god tid, så eg venta berre. Men til sist kom det nokon frå Brusand med 2 hundar som hadde fått i seg rottegift, og då var det berre å reisa heim. Så dette drøset er gjort i ein to gang.

Marius hadde lenge å starta noko for seg sjølv, slik at han fekk nytta utdanninga si fullt ut. Nå var språket på plass, og ledige lokale på ein høveleg stad, så det var berre å ta fatt. Responsen var vore god, det er mange som alt har nytta seg av dette nye tilbodet på Varhaug. Marius har

endå ikkje fått røntgenutstyret på plass, men andre medisinske prøver og operasjonar tek dei hand om.

Marius og familien trivs veldig godt på Varhaug, og ungane går i barnehage. Sjølv ha han framleis ein ekstra jobb, men vonar at han med tida berre kan konsentrera seg om arbeidet i Jæren dyrehelse. Han har sikkert lært litt av jærbuen om å bygga stein på stein.

Om alt går i den rette leia, har han planar om utviding. Då i retning av dyrebutikk med mat/utstyr til små husdyr. Fellelsen har til dei store, seier Marius, så då får eg konsentrera meg om dei små. Då må dei nok til med eit større areal enn det dei leiger nå, 80 m², men i gamle banken er det god plass.

Varhaugbuen seier takk for drøset og ynskjer Marius og resten av gjengen lukke til vidare. Så håper eeg at mange vil nytta seg av dette gode og nye tilbodet me har fått i stasjonen. Inngangen er vis a vis Skrettingen.

PS. Det gjekk greitt med hundane frå Brusand, det var nok ikkje så mykje rottegift dei hadde fått i seg. Men det er jo betre å vera føre var, den gifta skal ein ikkje spøkja med.

Liv



Våraktivitet i Varhaug Bygdekvinnelag

I skrivande stund er det siste dagar i februar, og vinteren er forbi – dvs det har vel ikkje vore noko særleg vinter dette året heller. Underteikna må nå innrømme å sakna rennedrevet!

Våren vaknar til liv, og snøklukkene har alt vist sin litle kvite blom. Nå er det berre å gleda seg til fine dagar framover og sjå blada sprett.

Me i bygdekvinnelaget stoppar ikkje opp, me prøver heile tida å halda god aktivitet.

Onsdag 30. mars kl. 19.30

Sonemøte på Orre. Pater Pollestad kjem og søstrene Øvregård med song og musikk.

Håper me frå Varhaug stiller «jentesterkt». Felles avreise frå Esso kl. 18.45. Møt opp og så fyller me bilane.

Onsdag 20. april kl. 19.00

Hagemøte saman med Hå Hagelag på Felleskjøpet.

Torsdag 27. april

Dreg me til Rønnaug Tunheim. Køyrrer frå Esso kl. 16.15 (kan verta endra). Etter besøket der, tek me turen til Zinja på Voll. Ho er ei dame som driv med interiørdetaljer. Ein kaffipause skal me og få til å leggja inn. Det går og an berre å vera med den eine plassen.

Torsdag 26. mai – dagsturen vår

Dette året har det vore litt fram og tilbake, men me landa til slutt på tur til Finnøy. Ryfylke Livsgnist vil ta oss med på vandring i Bedehusland, me skal besøka Lauvsnes garnteri og ha middag på Utsyn (+ litt mat innimellom). Avreis frå Misjonshuset kl. 8.15 og heime litt før kl. 18.00.

Påmelding til Oddbjørg 99 10 42 54 innan 15. mai.

Elles så er me 8-10 damer som er med på prosjektet «Språksprell i Lensmannsløå» kvar torsdag, der me er med og aktiviserer, inkluderer og snakkar norsk med utlendingar som er kome til landet. Det er mellom

anna folk frå Syria, Etiopia, Irak og Afghanistan. Det kjem opptil 16 stk, og me strikker, syr og lager mat med damene. Mennene er ute på ymse oppdrag, men me har felles lunsj.

Har du lyst å sjå om oss, eventuelt vera medhjelpar, er det berre å koma innom ein torsdag mellom kl. 9.00-14.00. Prosjektet vil i første omgang vara til midten av juni.

Sundag 22. mai

kjem teatergruppa Fantefylgje, og viser teaterstykket «Pippi» i Lensmannsløå, og då har Vennelaget oppfordra bygdekvinnelaget til å stilla med både barn og barnebarn.

Er det elles noko som du brenn for, og som me kanskje kan gjera noko med? Ta kontakt med ein i styret. Me tek mot tips med TAKK.

Ynskjer alle ein fin påske og vår, og alle er de velkomne til bygdekvinnelaget sine arrangement.

Oddbjørg Skrettingland

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.



OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66





Medlemsverving

Laurdag 6. februar stilte styret i bygdekvinnelaget med stand på Spar, der dei koka kaffi og steikte lappar i tillegg til info om laget. Her vart det litt for både mage og øyra, for «Agnes og dei» var på plass med musikken. Her var det berre og setja seg ned i kaffikroken til Spar og kosa

seg med både musikk, kaffi og lappar. Om dei fekk nye medlemmar denne dagen, veit eg ikkje, Men det er i alle fall eit gildt tiltak som sikkert gjer godt for mange i ein travel laurdagshandel.

Helsing Liv

Kul-tur

Turer med kulturelt innhold i lokalmiljøet.

2016

FRIVILLIG
ROGALAND
SENTRALER

Kul-tur er turer med kulturelt innhold i lokalmiljøet.

Turene varer 2,5- 3 timer og ledes av frivillige fra Gjesdal, Time, Klepp og Hå. Ta med matpakke, klær etter vær og gode sko! Møt opp kl. 10.30.

Tirsdag 29. mars: Time

Turmål: Røynåsen

Fremmøte: Eikeland skule

Guide: Åmund Eikeland og Leiv Tafjord

Tirsdag 26. april: Klepp

Turmål: "Joa kyrkje"

Fremmøte: Parkeringsplass - Kleppeloen

Guide: Svein Efteland, Gaute Klepp

og Ragnar Kleven

Tirsdag 31. mai: Gjesdal

Turmål: Ravndal/Nevlandsheia/Hadland

Fremmøte: Coop-Extra på Ålgård

Guider: Jesper Jarl Ravndal og Martin Ravndal

Tirsdag 28. juni: Hå

Turmål: Hetland - Ueland

Fremmøte: Hetland kraftstasjon, Ogna

Guider: Hå Frivilligsentral

Tirsdag 26. juli: Time

Turmål: Midgardsormen

Fremmøte: TKS - Kvernaland

Guide: Svein Nedrebø og Leiv Tafjord

Tirsdag 30. august: Klepp

Turmål: Tu - Tinghaugrunden

Fremmøte: Kåsen idrettshall

Guide: Folke Ravndal, Gaute Klepp

og Ragnar Kleven

Tirsdag 27. september: Gjesdal

Turmål: Limagarden

Fremmøte: Limagarden

Guider: Jesper Jarl Ravndal og Martin Ravndal

Tirsdag 25. oktober: Hå

Turmål: Refsnes – Hå gamle prestegard

Fremmøte: Refsnesstranda

Guide: Lars Erling Friestad

KONTAKT

Klepp: 51 42 96 40. Svein 970 10 397.

Folke 960 13 290. Gaute 988 59 223.

Ragnar 908 00 446

Time: 90529346. Svein 948 41 402.

Leiv 971 65 928.

Gjesdal: 51614420/913 38 797.

Martin 977 84 642. Jesper Jarl: 992 60 843.

Hå: 51793530/ 415 32 696.

Lars Erling 415 32 643.

FRIVILLIG
ROGALAND
SENTRALER

Nytt spennande år for Elgane Motorsykkelklubb

Nå har me hatt årsmøte og «nytt» styre er valgt, ikkje så «nytt» då alle tok attval.

Leder	Ommund Thu
Nestleder	Arild Bjarte Våland
Sekretær	Lindy Moi
Kasserer	Elin Hobberstad
Styrerepresentant ATV	Øystein Frøytlog
Styrerepresentant Motocross	Erlend Klingsheim
Styrerepresentant Speedway	Tarald Haaland
Varamedlem	Ronny Anda

Styret ser fram til eit nytt, travelt år med mykje aktivitet.

Utenom dei faste treningane, er det allerede nå lagt inn treningssamlinger og løp utover i sesongen.

Alle datoer er ikkje sett enda, men eg tek med det me veit;

ATV starter med første runde i NorgesCup 19 mars og fortsetter med treningssamling 20 mars. Me håper på mange deltakere og tilreisande.

Dersom det er nokon som ikkje heilt veit kva ATV er kan ei lita forklaring hjelpe; ATV står for All-terrain-vehicle, me kaller det «firhjular» på godt norsk. ATV Cross kjøres på same måte og etter samme prinsipper som Motocross, på de samme banene.

Same helga blir det også aktivitet på speedwaybanen; Treningssamling frå 19-22 mars med den danske treneren Torben Hansen. Dette har me hatt nokre gonger før, og det er veldig populært.

Stevner speedway: 30 juli: NM Par. 20 aug: Norges serie 500 ccm runde 4 (blir og kjøing for dei yngste).

21 aug: liga 1 div 500 ccm, runde 5 samt serie 85/125 ccm runde 3.

Påskehelga blir det åpent for motocrosstrening følgende dager: onsdag, skjærtorsdag, påskeaften og 1. påskedag. Alle treninger starter kl. 1200.

Motocross skal ha to store arrangement dette året, første runde i Vestlandsmesterskap 14-15 mai og finalerunden i NM, 10-11 september. Dette er stevner som trekker mange deltakere og me gleder oss til å treffe utøvere og støtteapparat igjen.

Anlegget på Elgane fremstår som eit flott og moderne motocrossstadion, med gode fasiliteter. Nå er me i startgropa på vårt neste store prosjekt, me ønskjer å setta opp ei maskinhus slik at traktorer etc. kan parkeres inne.

Ellers har medlemmer og styret nok å gjera med å halda hjula i gang. Rydding av anlegg og prepping av baner er viktige oppgaver som i tillegg til alle andre aktiviteter på blir gjort på dugnad.

Me gler oss til løpsseongen er i gang for fullt

Ta søndagsturen til Elgane Motorstadion! Varhaug sin best bevarte hemmelighet...

Elin H.



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Solarium
Det er stor helbegervinst
med et godt Vitamin-niva

Hage & Salangen AS
KÉRASTASE
L'ORÉAL

Dame & herreklipp

RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Her er ein del av dei koftekledde damene. Frå venstre: Britt Skretting, delvis skjult Liv Reiestad, Aud Bratland Bø, Klara Ueland, Bjørg Reime Håland, Hilde Selvikvåg, Gerd Berit Mattingsdal, Anette Rugland, Marit Madland, Oddbjørg Skrettingland og Grete Skretting. Anne frå Krims og Kram sit framme.

Kofter over alt

Ja, slik var det i Lensmannsløa på bygdekvinne- laget sitt februar møte. Me vart ynskte velkomne i gangen med høge glas med sprudlande mosell. Styret kalla kvelden «Damenes aften med kofter» og inne i ståvå var 83 koftekledde damer samla, og her var det kun to like kofter. Det var ein utruleg kveld.

Anne frå Krims og Krams snakka om, og viste fram fleire forskjellige kofter. Me fekk flott song av Hilde Selvikvåg både med piano og torader.

Alt var perfekt denne kvelden, like frå dei høge glasa til Anne, maten og ikkje minst sangen til Hilde.

Stor takk og ros til bygdekvinnelaget for nok eit gildt arrangement.

Liv



FERIENEMNDA TIL ROGALAND BYGDEKVINNELAG SINE TURAR I 2016:

25. - 30. juli - Buss med «Annetur» til Telemark, der me skal til Gaustadtoppen, tur på Telenarkskanalen og mykje meir.

14. - 20. august - Jentetur til Ungarn, både sykling og spa.

14. - 21. september - Fagtur/Landbrukstur til Bayern & Østerrike.

Begge desse turane er ved «Ide Reiser».

Påmelding snarast. Meir info om turane får du hos Liv, tlf. 94 13 50 16



Dansk smørrebrød – på Jæren

Varhaugbuen var invitert til i 1 års jubileum for «Dansk Smørrebrød» på Jæren. Sophie Helth Holm, dagleg leiar, møtte meg i kantina til Prima Jæren. Her driv ho verksemda si i tillegg til å vera kantinesjef. Her var det ope hus mellom kl. 14.00 og 19.00, der venner og kjente var invitert på kaffi og sjølvsgatt heimelaga kaker. Det er vanleg i Danmark å feire seg sjølv og sitt når ein har eit lite jubileum, seier Sophie, som både hadde bruka facebook og oppslagstavla på Coop Nærbø og Varhaug.

Eg kjente jo til desse danske smørbrøda, men var ikkje klar over at det var eit etablert firma som stod for dette og ikkje så langt heimanfrå. Og det er ikkje berre smørbrød Sophie steller med. Her kan ein bestilla kald eller varm



mat til både selskap og møter. Brød og vanelege kaker er heimelaga. Ho leverar og mat til barnedåp, konfirmasjon og bryllup. Skal du ha festkaker til desse, har ho avtale med ein konditor.

Sophie vert 30 år i september, har dansk mann og 2 barn og bur på Varhaug. Ho har lange og travle arbeidsdagar, men stortrives både med det vanlege kantinearbeidet og den private jobben sin. Ho har og ein assistent nokre timar kvar dag, og elles ved store arrangement.

Det kom fleire gjester, og eg takka for drøset og ynskte ho lukke til vidare. Er dette like nytt for deg som les dette, som det var for meg? Ta kontakt med Dansk Smørrebrød neste gang du har lyst på noko ekstra. (413 63 770)

Liv



GRØFTE?

adsigruuo

Vi tilpasser
også sandfang-
kummer

Ring Bjarte på **991 61 373**
for pris på drencrør!

FK BUTIKKEN VARHAUG



butikken

fkra.no/fkbutikken



Ny garasje på Internatet

Reknar med at dei fleste veit kva Internatet er, etter å ha vore med så mange gonger i bladet. Viss du ikkje veit det, så er Internatet den store murbygningen som ligg ved sida av Fjordkjøkken, på vestsida.

Det er bondelaget, bygdekvinnelaget, bygdeungdomslaget og 4H på Varhaug som eig Internatet, som dei overtok frå Rogalandsmeieriet i 1995. Her har dei 4 laga sine møterom. Veterinærkontoret på Varhaug har i mange år hatt sine kontor i 1. etasje, og i tillegg har Internatet og leigebuarar i 2. etasje.

Opp gjennom åra har det vorte gjort eit omfattande rehabiliteringsarbeid – stort sett berre på dugnad – av bygget.

Nyleg har laga fått ny garasje. Det var meininga å fiksa på den gamle, slik at den vart stor nok til å husa tralla med kanoane til 4H. Då det viste seg at den gamle var i veldig dåleg stand, vart det raskt gjort vedtak om å bygga ny. Dette hadde Internatet neppe klart utan stor dugnadsinnsats av medlemar (150 timar) og ikkje minst dei store pengestøttene frå; SR Bank kr. 25.000. Jæren Sparebank kr. 20.000 og Hå kommune kr. 30.000. I tillegg kjem sponsing frå Vigrestad Bygg, som reiste garasjen. Odland AS teikning og golv. Haaland Bilverksted, graving/drenering og takrenner frå Lindab. Summen av denne sponsinga er kr. 12000. I tillegg kjem gratis lån av forskaling og Jærentreprenør, og ikkje minst gode innkjøp av material.

Det gjekk veldig raskt å få på plass garasjen, og ein av grunnane var den nok gode vinn/vinn avtalen Internatet gjorde med Jærentreprenør, som held på med nybygget til Fjordkjøkken. Dei trong plass både til den store byggekranen og mykje jern og andre byggevarer. Då vart Internatet plutsleg ein lagerplass. Som takk forskala og støypte Jærentreprenør ny ringmur til garasjen ganske rimeleg.

I dag har Internatet fått ein ny flott garasje, takka alt dette som er nemnt ovanfor, og kanoane til 4H er kome heim. Det siste som kom på plass var det elektriske, som BU hadde ansvaret for. Nå er det lys både inne og ute, og garasjeporten går opp av seg sjølv.

Styret for Internatet, ved Olav Husveg, vil her få retta ein stor takk til alle som ga oss direkte støtte, men ikkje minst til alle dugnadsfolka både frå BU, bondelag og andre.

Liv



Utviding av parkeringsplassen ved kyrkja

Endeleg er arbeidet på Odland godt i gang. Før jul starta dei med ny parkeringsplass på nordsida av kyrkja, og meininga er at den skal vera ferdig til sommaren.

Kokebok – «Farmor si oppskrift»

Bygdekvinnelaget fekk nyleg eit brev frå Jan Inge Wiig om denne boka, der han mellom anna skriv:

Mitt navn er Jan Inge Wiig og jeg driver et nyoppstartet forlag på Jæren sammen med Ivar Aase. **Vårt første bokprosjekt handler om Jæren og matkultur**, og vi ønsker å ha med oss Bygdekvinnelaget på laget for å sette boka ut i livet.

Er det nokon av lesarane av Varhaug-buen som har ei oppskrift på ein rett som kan passa inn her, ver grei og ta kontakt med Liv tlf. 94 13 50 16.



- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



FARGERIKE



Framcup

Me va 9 stk frå Svala på Framcup. Framcupen var i Kleppehallen. Det va 3 pulje me 3 lag i. Svala var i pulje 3 i lag med Frøy 4H og Skogstjerna 4H. Svala vant begge omgangene mot mot Frøy og tapte begge mot Skogstjerna. Me kom te kvartfinalen der me rauk ut av Fram 4H. Me kunne ha me okke badeklær og bade etter kampen mot Skogstjerna. Me måtte ha med okke niste te og være heile dagen.

Thea



Referat Akedag

Tysdag 12. januar vart det nytt 4H møte. Det var klart for Akedag på Søyland. Mange møtte og hadde med foreldre og søsken. Til dette møtet hadde me mange backupplaner om det ikkje vart snø. Det var nok snø i bakken og gjekk fint. Det var ganske mørkt i og med at det var en mørk vinter kveld i januar. Det vart servert lappar og utdelt klementin og risbollar til dei som ville ha det. Me har funnet ut at neste gong kan det vere betre å ha eit slikt møte på ein lørdag på dagen. Då ville det vore mykje betre sikt og kan då vere sol og varmare.

Jenny



God aktivitet i Hå karateklubb

Hå Karateklubb hadde pr. 31.12.15 hele 107 medlemmer.

14 og 16 desember hadde vi gradering på Varhaug Skule og hele 54 av klubbens medlemmer fikk da en høyere grad. (bilde). Graderingen den 16. desember kombinerte vi med juleavslutning – alle klubbens medlemmer fikk en flott T-skjorte i julegave! Treningsseminar i Stavanger: 5 – 7 februar deltok 6 av klubbens medlemmer på treningsseminar med Ricard Amos sensei 7. DAN

11.2 hadde vi årsmøte: Oppsummert så har klubben god aktivitet, økende antall medlemmer og god økonomi. Vi fortsetter med å trene på Varhaug Skule og Bø Skule og ønsker å få treningstider på nye Bø Skule viss det er mulig når den skulen er ferdig.

Vårens graderinger blir 6 og 8 juni på Varhaug Skule og siste trening før sommeren blir 15. juni.

Styret i Hå Karateklubb.



Utvikling av Varhaugbygda

Varhaug bedriftsforening (VBF) har gitt Iris Odland Knutsen og Jon Harald Håland mandat til å etablere ei idegruppe for utvikling av Varhaug, både bygda og sentrum. Både næringslivet og frivillige lag skal vera likt representert. Gruppa skal innan 30. september levere forslaga sine til VBF.

Måla med tiltaka skal vera å gjera både sentrum og bygda til ein attraktiv og god plass å leva og bu, og til å besøkje, med muligheter for aktivitet og sosialt lag i trivelege omgivelser.

Idegruppa skal ta utgangspunkt i forslaga som kom inn etter idedugnad på Varhaugbuen sitt 10-årsjubileum, andre tidlegare forslag og alle nye forslag som kjem før 30. september.

Så no utfordrar me alle Varhaugbuar til å engasjera seg og koma med forslag, både nye og utvikling av allereie føreliggjande idear.

Eksempel på forslag:

- skapa liv på torget
- lun uteplass i Varhaug sentrum evt. med glastak/glasvegger
- konsert i Madland havn, Bodle og på torget
- trimapparat og badeplass langs «Ånå»
- meir samarbeid, fleire aktørar og aktivitetar på Varhaugmarken
- få liv i Facebooksida for Varhaug
- våga å vera inkluderande

Me er interessert i dine idear, så ta kontakt med ein av oss:

Iris Odland Knutsen
iris.knutsen@sr-bank.no
952 24 167

Jon Harald Håland
jonharald@norgeshus.no
911 81 167

Andvegen 23, Varhaug - Moderne enebolig på ett plan



2.700.000,-

BRA 71 m² - 2 soverom, mulighet for 3 - Nøkkelferdig

NORGESHUS
Varhaug

Kontakt: Jarle Reime, tlf. 979 46 255 - Epost: jarle.reime@norgeshus.no

Lunsjtreff i Lensmannsløa

onsdag 10. februar 2016 kl 12.00 – 14.00

Styret i Vennelaget for Lensmannsløa tok initiativ for å laga eit uformelt treffpunkt for «folk flest» som ville treffe andre for drøs og sosialt samvær, samtidig som dei kunne kjøpa seg eit måltid mat.

Me var innkalla til eit styremøte, og der etablerte me ein komite med Eli Ånestad, Liv Reiestad, Kjellaug Varhaug, Bjarne Salte, Gustav Håland, Ove Tjensvoll og underteikna. Me blei einige om at onsdag var ein god dag, og fann fram til onsdager ca. kvar 14. dag.

Maten blei bestemt, og onsdager blei fordelte. Onsdag 10. februar var Eli og Inger klar med løk og div som skulle bli løksuppe, og me var verkeleg spente. Me 10 dobla oppskrifta og dekkja i starten på til 12 stk. og syns det fekk halde. Både Liv og Kjellaug kom tidleg, og me såg fort at me måtte dekke på fleire bord. Det var utruleg! Til sist var

det 62 stk. som hadde betalt, og alle bordene var i bruk. Bjarne og Gustav fauk inn og ut med ny oppdekking, vatn, kaffi og div. Alle prøvte å vera vertskap, drøsa med folk og sjå til at alle hadde det greit. Suppa som var meint til 40 blei fordelt til alle som kom, og det var skikkeleg gildt å sjå at så mange kom. Komiteen var mest i ein lykkerus, og ser med glede fram til seinare treff. Nå onsdag 24. er der ny samankomst, og så er håpet at like mange kjem.

Opplysningar om Lunsjtreffet er på FB sida til Kultur i Løa, og det vert og sendt ut SMS i forkant. Det er sett opp plakat både på SPAR og Extra om alle datoer.

Vel møtt!

For komiteen Inger Haugstad



Lunsj-treffet

i løå 24. februar var og vellukka.

Her var det både god mat og godt drøs.

Så det er berre å notera seg dei neste dagane du kan koma i løå til lunsj:

Mars: 9. og 30.

April: 13. og 27.

Mai: 11. og 25.

Juni: 8.

Lunsjen koster kr. 50 pr. person.

Dette passer for alle, og alle er velkomne. Kom og vær med oss!

Komiteen for lunsjtreffet er Vennelaget for Lensmannsgarden
v/Eli Aanestad, Inger Haugstad, Kjellaug Aanestad Varhaug,
Liv Reiestad, Bjarne Salte, Ove Tjensvoll og Gustav Håland.

Årsmøte tid:

Vennelaget for Lerbrekk skule

har årsmøte på skulen torsdag 10. mars kl. 19.00.

Årsmøtepapira er sendt medlemmane.

Vennelaget for Lensmannsgarden


har årsmøte i fjoset tysdag 15. mars kl. 19.00.

Årsmøtepapira er utsende.

Varhaugbuen

har årsmøte måndag 18. april i Lensmannsløa kl. 19.00

Eigarlaga får tilsendt årsmøtepapira.



Nytt bad? Vi hjelper gjerne med planlegging og prosjektering



Vil du gje ei gåve til Varhaugbuen ?

Som vanleg i det første nummeret, legg me ved ein giro, der de kan gi ei gåve til Varhaugbuen. Viss de vil gje bladet som gåve til nokon som bur utanfor Varhaug, må de passa på og skriva namn og adresse på vedkomande på giroen, slik at me kan vita kven som skal få det. Alle på Varhaug får jo bladet gratis i postkassane av ein gjeng frivillige .Dei utanfor må me senda i posten.

NB! NB!

Det er veldig viktig at du skriv namn og adresse på giroen, dersom det er ei anna postadresse enn Varhaug som skal ha bladet.



jæren
sparebank



Julelysa i Stasjonsvegen

Jula varer som kjent heilt til påske. **Takk til Kent** i bedriftsforeininga som etter mykje mas endeleg fekk tilbake julelysa i Stasjonsvegen. (Den tråe vinn!)
Liv

Linus Nord-Varhaug med minikonsert i Stuelandbygget

For andre året hadde Linus eit liten julekonsert, denne gongen på sjølvaste julaftan.

Linus er 13 år og bur i Brattås, men har røtter på Varhaug, der farmora, Kirsten bur.

For 6 år sidan fekk han lyst til å læra å spela Farytale av Aleksander Rybak. Seks år seinare er Linus ein av dei beste fiolinelevane i Porsgrunn. Han spelar både klassisk og moderne musikk, og på julaftan føremiddag var det mange som fekk med seg fin musikk under den siste handlerunden på Spar. Linus liker godt og spela for publikum, og det er nok ikkje siste gongen me fekk høyra han på Varhaug. Varhaugbuen ynskjer deg lukke til vidare.



Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
10. mai

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

**Sender du Word dokument
må bildene vedlegges som
egne filer i JPG format.**

Ord i utval

av Arne Garborg

*”Den som vil vinna ei kvinne seier
ikkje til henne: Du skal elska meg;
han seier: Eg elsker deg.”*

*”Ein lærer så lenge ein lever; og
kvar lærdom hev ny sorg. Kvar sorg
ny kraft. Men ingen er utlært, før
han hev lært å teia.”*

*”Livet får meining, når du nyttar
det til noko, som det er meining i.”*



Stuelandbygget har ledige lokaler for utleie



- Fra 20–350 m²
- Egnet for butikk/kontor/lager med mer.
- Lokalene kan tilpasses etter ønsket størrelse og innredning
- Lokalisert i 2. etg

For mer informasjon ta kontakt med Asbjørn på mobil 928 29 136

VARHAUGPAKKEN



Pakkepris
999,-

PAKKEN INNEHOLDER: 1/2 ZIP SWEAT, JERSEY, SHORTS, BAG, 3-PK SOCK. VEIL. 1380;

Lars Gaute Sport
sport 1